

Vil du jobbe med musikk og organisasjonsutvikling (music instructor) i Uganda?

Firda vidaregåande skule og Flora vidaregåande skule samarbeider med Uganda Youth Skills Training Organisation (UYSTO) om fleire sosiale entreprenørskapsprosjekt i hovudstaden Kampala. Gjennom Norec (Fredskorpset) får vi finansiert ei stilling som skal støtte utvikling gjennom kompetanseutveksling. *Målet vårt er å skape økonomisk, sosial og miljømessig berekraft i prosjekta. Frå 17. februar 2020 treng vi ein driftig person som kan hjelpe UYSTO med å utvikle organisasjonen sin.*

UYSTO jobbar med yrkesopplæring, karriererådgeving, entreprenørskap og musikk for ungdom i Kampala. Kampala er ein storby med rikt kulturliv i eit land med stor vidde i naturopplevingane. Uganda er mellom anna kjend for fjellgorillaer, Nilens kjelde og Victoriasjøen.

Rådgjevaren innan musikk og organisasjonsutvikling skal vidareutvikle UYSTO og deira satsing på musikk og entreprenørskap. UYSTO har mål om å etablere eit kultursenter i lag med resten av drifta si. Vi søker såleis ein person med bakgrunn innan musikk og organisasjonsutvikling. Sjå meir på [heimesida](#) til UYSTO.

Arbeidsoppgåver, rådgjevar innan musikk

- Undervise i musikk og dans i lag med staben på UYSTO
- Støtte UYSTO i arbeidet med å etablere eit kultursenter innafor musikk og dans
- Assistere oppretthalding og utvikling av partnerskap som kan styrke UYSTO sitt arbeid.
- Involvert i planlegging og administrasjon av UYSTO sin vekst.
- Etterarbeid etter heimkomst frå Uganda etter avtale.

Kvalifikasjonar og eigenskapar, rådgjevar entreprenørskap:

- Evne til å sjå moglegheiter og eit positivt livssyn
- Resultatorientert med handlekraft
- Evne og vilje til å tilpasse seg ein ny kultur
- Evne til å motivere seg sjølv og andre, også i motgang
- Evne til å vere sjølvgåande
- Relevant utdanning eller erfaring knytt til eit eller fleire av fagfelta; entreprenørskap økonomistyring, rettleiing eller rådgjeving
- Minimum 2 års relevant arbeidserfaring
- God engelsk munnleg og skriftleg
- Alder 22-35 år, jfr. Norecs retningslinjer

Praktisk:

- Kontrakt på 13 mnd, oppstart 17. februar 2020.
- Løn etter Norecs satsar.
- Dekt reiseutgifter, bustad og forsikringar i Uganda.
- Atterhald om finansiering frå Norec.
- Meir informasjon får du hos Ingrid Øyvann, ingrid.oyvann@gmail.com eller Hallgeir Hansen, tlf. 415 30 885.
- Send søknad og CV innan **29. oktober** elektronisk via link på www.sjf.no under ledige stillingar.